

Til Advokatfirmaet Høgseth DA v/ adv. Andreas Nylund.

E-post: an@advokathogseth.no.

GJELD TOMANNSBUSTAD MJUKEBAKKANE. GNR. 309 BNR. 28 I ALVER KOMMUNE.

Syner til Dykkar brev datert 06.10.2021.

I Dykkar brev opplyser De at nabo Stein Konrad Nøkleby eigar av Orrhøyen 37 vil bli påført betydelege utsiktstap for sin eigedom grunna oppføring av Meland Bygg A/S sitt nybygg på bnr. 28.

I godkjenninga frå Alver kommune vart grunnmurshøgda for dette bygget godkjent til cotehøgd + 49,50. I tillegg vart omsøkt plassering i terrenget og godkjent av kommunen.

For å vera trygg på at bygget er rett plassert i terrenget og i høgde, har tiltakshavar saman med grunnentreprenør kontrollert plassering og høgd.

Målinga syner at plasseringa i terrenget er innafor dei marginar som Alver kommune har godkjent.

Høgdemålinga syner at bygget sin grunnmur har fått ei høgd på cote + 49,35 dvs. 15 cm **lågare** enn godkjenninga. Bygget i seg sjølv er ikkje særleg endra i høve til godkjenninga.

Tiltakshavar kan derfor ikkje sjå at nabo har nokon sakleg grunn til dei merknader som er framført i Dykkar brev og avviser derfor desse.

Hjertås 19.10.21.

Mvh.

Meland Bygg A/S

Oddbjørn Meland

Tiltakshavar.

Kopi til Alver kommune.